

VARDEN 12.8.78

Konge i sitt eige lille rike

Halvor Lia, gjersdøl med femti år i skauen og femti år på Betel, som allstøtt deler broderlig

Han bur det dei kallar for seg sjølv, høgt oppe i lauvskoglia der aplar, kirsebær og morell-trea gror så det nær sagt hørest på alle kantar av ei solsvidd, verbitt stue, og trost og småfugl elles er dei som tiast «ser innom», dette bel års. Vinterstid er det så visst ikkje titt at nokon finn vegen, eller rettare den granhekk-skjerma stien som går lik ei «bever-slepe» i brattlendt fra svåfjella i bygda og opp.

Halvor heiter han, og Lia (gnr. 17, bnr. 26 og 27) er namnet både på staden og karen, gjersdøl god som nokon – ein konge i sitt eige lille rike.

– Det var ein Halvor Lia i Aasbø-Lia, som er død nå – da skreiv eg meg Melås-Lia, seier Halvor, som kan fortelle at Lia har vore plass under Melås frå gamalt.

– Kor gamalt? Nei, det veit'kje Halvor for visst.

– Men eg er 5. generasjon her – kan hende det gir høve til ei slag beregning? Det er vel 30-40 år dei reknar mellom «avbrekka»?

– Stua her?

– Den har vore flytta fleire

ein gang Olaves Bråten og mor hans hadde vore her – dei hadde visst ærend her og hadde kirsebær med. Olaves var slaktar og budde i Maurlia.

– Her er uthus, men ikkje dyr idag, Halvor?

– Ja, uthus har her vore allstøtt og for det meste eit par kuer og ein saueflokk. Det var ku og kvige her, sist for omlag 10 år si'a.

50 ÅR I SKAUEIN

– Du har arbeidd i skauen, Halvor?

– Ja, mest all mi tid. Eg begynte i 1916/17 då eg var i 14-15 årsalderen, uti Sjøvågskauen i Søndeled der eg låg i ei lita stue, «Øygardsmyra». – Det var bare eit rom, men det hadde budd folk der lenge før mi tid. Elleshar eg vor nokon kvar staden, for det meste i Gjerstadskauane, der eg òg var da eg «pensjonerte meg» 67 år gamal, for snart 10 år si'a.

«KOLSJAU» I BRØD-SJØMARKA

– Kva for slag skauarbeide er det helst du har drive,

når det var noko gale maskinelt. Han var slik ein «altmuleg-mann» teknisk, Gunnar.

Ja, det var visst noko som gjekk gale tett før krigen var slutt og. Eg trudde nå eg skulle fått ein jobb på Brødsjø etter på, men nå ville dei ikkje ha gjersdøler meire, humrar Halvor.

– Og Sneisbu-mila?

– Det var helste krok-onger: Trygve Grønnerød og Trygve Øygarden og så Bjarne Sletta, gjersdøl og sønn av Olav Sletta, som dreiv med kolbrenninga på Sneisbu. Der hadde eg jobb med å fylle trekol i sekker, som eg rodde Sneisbuvannet ut i ein stor, rundbygd pråm. Kilbuvannet var stemt (oppdemt) så vannet gjekk oppunder dammen, og det var bare å lempe sekkene over i ein pråm og ro dei Kilbuvannet ut. Der blei kola henta med traktor og vogn med treeikje-hjul og kjørt Langemyra fram der bilvegen nå går mellom Gjerstad og Drangedal.

– Det var trekol til biler og busser dei brant i Brødsjøskauane under krigen?

– Ja, og kolbrenninga ved Sneisbua kasta nok heller lite av seg – blei vel helste tap.

50 ÅR PÅ BETEL -

broderlig mellom «Sarons Dal» og «Hedemarks-toppen».

– Kva driv du med nå etter du slutta i skauen, Halvor?

– Eg tar det roleg – er «lissom» pensjonist.

– Du er med på Betel? Har vore med i 50 år, har vi hørt?

– Det er noko slikt, ja – og i «Sarons Dal» og på «Hedemarkstoppen», tre år på kvar staden.

Spør om ikkje Halvor Lia deler broderleg – ein kar som først og framst har i tanke å gjøre rett for seg!

– Det gjekk nå så fløytdes greitt i lag med Olaf (Mostad) på togreisa bortetter, og heim fekk vi bilskys med

– Du bur rettelig i Guds frie natur her oppe i Lia, Halvor – og selskap har du etter det vi ser, ikkje minst av trost nå i kirsebær-tida?

– Ja, fugleholkar ser du truleg rundt i kring. Ein fuglesnappar «losjerer» fast i holken på uthusveggen, og ein stær er årviss i eit liknande «husvære» nedanfor staua.

– Du har bra med ved?

– Ja, men ikkje nok til vinterved enda. Apalen som «drøste» under storsnøen sist vinter, skal eg kløyve opp nå, og elles er det mykje etter Televerkkarane som arbeide i Tereknuten. Det er så greit å vee oppi her, når bare ein passsar på å ta alt ovantel. Eg drar veden ned på tre-stubbesleden, forklarer Halvor, som i lia oppe bytter med Harald Melås og nedunder med «Kolvedhogsten».

«LIAKLEIV»

– Men brattlendt bur du, Halvor?

– Ja, det er noko i det han sa, Jens Mostad (Eskeland) – det var noko med eit skøyte-løpernamn – «Liakleiv» var det, ja – det meinte han passa godt, Jens.

– Og matstellet, Halvor – kva med middagsmaten?

– Eg brukar for det meste hermetikk, og så noko «påse-mat» – slik er svint og greitt å ta til, seier Halvor, som innan vi takker for oss og tar fatt på «nedstigninga», syner oss det meste han har av gilde bilder, sjølvfotografar i fargar og svart/kvitt, frå skau og mark, by, land og vann, frå «Sarons Dal» og til «Hedemarks topp».

Han er da heller ikkje så lite av ein «foto-entusiast», den same Halvor, og vel utrusta med heile tre fotoapparar: ein eldre to-øgd modell «Coronet Twelve-20», made in England og to stykker Kodak – nye, hendige lomme-utgåver.



Men hovudtingen er nå den at Halvor er kar som tydeleg nok kan bruke det fo-



– Fjernsyn har eg ikkje, men ser fint til bygds, både Mostad – og Auslandgrenda med den her kikkerten, seier Halvor Lia.



Tekst og foto: Eng -



VARDEN 12.8.78
sjon. Han har vært sjømannsprest i Kirkenes Nødhjelp.

BLI ABONNENT DU OGSÅ!

inngskonstrakten kan oppfordre forhandlere til å foretrekke kre-

kvallitet, sa Andrea.

lingen.

ganger. Siste gangen ho blei tatt ned og sett opp igjen var i 1877, og ho har såleis runda 100-årsjubileum på staden, vedgår Halvor.

Kor mange mål det idag hører til Lia, kan ikkje Halvor si så bestemt.

- Det er så «sjøvert» (udrygt) oppi her. Dei veit det nok dei som før her og målte opp. Eg skulle få eit kart, men har'kje spurt etter det, legg han til.

- Kirsebær-trea, - gror dei vilt her?

- Det var nå ikkje kirsebær her fra først av. Dei trur det var noko som blei frøsett

Halvor?

- Det har vore hogst, mest bare hogst. Ja, og så dreiv eg mykje i Børdsjøskauane i Kroken under siste krigen. Var med på «kolsjau» frå Sneisbu og «harpa» trekol på Brødsjø-gården. Det var'kje så greit å vera aleine om harpinga når den digre trekolmila kom frå Vølane, Halvard Eikhaugen si mile. Eg hugsa vel at eg måtte sende bod på Morten Dalen - han er borte nå Morten. Det råka nok det «kom brann i kola», og at det heile stoppa opp. Da måtte eg sende bod på Gunnar Brødsjø - som alltøtt

Kåre Bråten, seier Halvor, nyss heimkomen frå «Sarons Dal».

- Vi ser du har bøker, Halvor - les du mykje?

- Det blir ein del - elles har eg nå radio, som eg brukar ikkje så reint lite - to stykker t.o.m., reiseradioar begge, ein japaner og ein tysker, «Grundig», retteleg ein god ein som eg kjøpte hos Eriksen i Risør. Nei, fjernsyn har eg ikkje, men eg har rødda ei glenne i lauvskogen nedfor staua og ser fint til bygds, til Mostad - ja, heilt til Ausland-grenda med den her kikkerten, japanar den med.

loutstyret han har skaffa seg - bildene hans talar for det! Ja, han har endatil klart å forevige for ettertida historiske glimt frå Fjernsynsteamet sitt reportasjeprogram om knivmakarane i Mostad-grenda for ikkje lenge sidan. Då denne reportasjen «kom på lufta» passa Halvor på å avfotografere glimt frå TV-skjermen hos Håkon Høgbrått. Han gjorde det så godt at ein inga problem har med å kjenne igjen Georg Lie i butikken til Torstein Skaali eller Finn Valle, knivmakaren, i eigen heim.

På innsteg i stua som har hatt 100-årsjubileum på denne tufta.

Halvor på vedskjul-tråkka i sving med å kloyve vinterved av apalen som «drøste» sist vinter.

Høgt oppe i lauvskoglia, ovanfor Mostad, har Halvor sitt eige lille konge-rike.

